



# FRODE LAKS

Ei kulturell bru mellom barnehage og skule

- Introduksjonshefte -

1. opplag

Sist oppdatert 04.05.2022

**Prosjektgruppe:**

Trude Skarvatur, rektor Sunnfjord kulturskule

Andreas Fonn Macsik, rådgjevar fagutvikling Sunnfjord kommune

Turi Bruland, rådgjevar fagutvikling Sunnfjord kommune

**Ressursgruppe:**

Janne Karin Støylen, Svidal skriveri

Ole Nilssen, distriktsmusikar og kulturskulelærar folkemusikk trekkspel

Ingrid Schei Stuhaug, distriktsmusikar og kulturskulelærar folkemusikk hardingfele

**Dei som er med på filmane:**

Gergely Antaloczy-Utasi, Maia Bruland, Linnea Ramstad Nedrebo, Jostein Fonn Macsik,

Freyja Maria Dahl I Lida.

Ole Nilssen, distriktsmusikar og kulturskulelærar folkemusikk trekkspel

**Utforming og design:** Anita Höllige, ass. rektor Sunnfjord kulturskule

**Bilder:** Marianne Gretteberg Engedal, Svend Otto S.

**Copyright:** Sunnfjord kommune 2022

# Frode Laks

## Ei kulturell bru mellom barnehage og skule

### Innhald

Bakgrunn for utviklingsprosjektet.....	4
Slik kjem du i gang .....	5
Frode Laks.....	6
Song, dans og tellereggle.....	9
Oppen Poppen.....	10
Pusekatten .....	11
Per Sjuspring .....	12
Høgtlesing for leseglede og språkstimulering - på nynorsk! ..	13
Pølsetjuven .....	15
Den litterære samtalen som metode .....	16
Eventyret om pannekaka .....	17
Leik .....	18
Spark på boks.....	18
Litteraturliste .....	19

# Bakgrunn for utviklingsprosjektet

Overgangsprosessar i oppvekstløpet er sårbare periodar og kan støtte eller svekke barnet si utvikling, sjølvbilde og livskompetanse. Opplevelse av samanheng er viktig for at barn og unge skal meistre overgangane og kome styrka gjennom.

Overgangsobjekt er symbol som vekker positive kjensler og slik kan trygge barnet i utsette periodar. Kulturarven med musikk, dans og rørsle er ofte den aller første forma for kunstnarleg uttrykk vi møter og kjenner glede over som små born. Folkemusikken har sitt utspring i dei nære møta mellom den som spelar eller syng, og den som lyttar. I dette utviklingsprosjektet vil vi forsøke å utnytte potensialet i kulturarven som overgangsobjekt.

Som ny stor kommune har Sunnfjord mange barnehagar og skular med ulike kulturar og innhald. Barna går heller ikkje nødvendigvis i den barnehagen som soknar til skulen deira. Med kulturarven som plattform kan vi utvikle felles identitet, forståing og praksis knytt til arbeidet med overgangar i oppvekstløpet. Når tilsette i skule og barnehage brukar felles kulturelle verktøy for å støtte barna si meistring av overgangar, vil barna erfare samanheng uavhengig av kva base dei kjem frå og går til.

I lag kan vi bygge det beste laget rundt alle barna, med særskilt fokus på dei som er sårbare i samband med overgangar.

KS (Kommunesektorens organisasjon) og Norsk kulturskoleråd samarbeider om prosjektet «Kulturskule 3.0» der formålet er å sette fokus på kulturskulen sin funksjon, oppgåve og rolle i det kommunale tenestetilbodet. Sunnfjord kommune/kulturskulen har deltatt i dette utviklingsarbeidet i 2021-2022 og valte «overgang barnehage - skule» som utviklingsprosjekt. Prosjektet er forankra både politisk og administrativt hjå kommunalsjef for skule, kultur og barnehage i Sunnfjord kommune.

Utvalet av overgangsobjekt er gjort i samarbeide med representantar frå skule, barnehage, SFO, kulturskule og bibliotek.

# Slik kjem du i gang

## Dette finn du i veska:

- Frode Laks (kosedyr)
- 7 laminerte kort i sidelomma (eit kort til kvart overgangsobjekt)
- Boka «Pølsetjuven»
- Boka «Barnas Store Eventyrbok»

## Dette må du skaffe sjølv:

Til overgangsobjektet «Spark på boks» må de skaffe ein hermetikkboks sjølv. Denne kan leggjast i veska til seinare bruk.

Vi har følgjande overgangsobjekt:



Desse 7 overgangsobjekta skal bidra til å bygge ein trygg samanheng og ei bru for barna mellom barnehage og skule. Bruk dei i den rekkefølga som hører for dykk.

Det heile er knytt saman av ein figur som kan snakke flytande; Frode Laks. Frode Laks er med på det meste som er kjekt. Begynn gjerne med å lese teksten om Frode Laks, og ta han med i arbeidet med objekta, og vidare inn i andre aktivitetar. Du finn teksten her i heftet, eller bak på Frode Laks sitt kort.

Det er viktig å ta barna med på leiken - tulle og tøyse er lov. Lag gjerne di eiga stemme til Frode Laks og bruk objekta på dykkar måte.

Det er viktig at alle førskulebarn vert kjende med alle objekta, slik at når skulen tar desse opp att, er dei godt kjende blant alle barna. Dette skaper tryggheit, samkjensle og identitet. Meir info om kvar av objekta finn du i dette ressursheftet og på nettsida til Frode Laks ([www.frodelaks.no](http://www.frodelaks.no)).



## Frode Laks

Han Frode Laks er den raude tråden i dette opplegget, og er ein figur som barna skal bli godt kjende med. Ein må derfor byrje med å lese denne teksten om Frode Laks for barna som ein introduksjon. Du finn den også trykt på baksida av Frode Laks sitt kort. Ta gjerne opp att teksten om Frode Laks fleire gonger.

Hola! Allo! Hey! Haye! Hujambo! Sawubona! Hallo!

Hei!

Frode Laks, heiter eg.

Så kjekt å få vere her med dokke! Her var det lyst og fint!

Eg har reist hit inne i denne veska, eg såg ingenting.

Det var bekmørkt. Kolmørkt. Mørkt som i grava. Svartare enn svartast.

Eg visste ikkje kor eg skulle. Så eg øvde meg på å seie hei på mange språk.  
Kanskje skulle eg heilt til Afrika – Sawubona! Eller til Kina: Haye!

Veit du kor eg bur?

Her får du eit tips: Eg er som sagt ein laks. Frode Laks.

Eller, som det står i passet mitt: F. Laks. Ffflaks!

Flaks at eg bur i elva, då – sidan eg er laks. Maks flaks!

Elva mi, den er så fin, du har sikkert sett ho? Ho renn forbi, rett her bortanfor skulen/barnehagen din. Der bur eg!

Ho er så blank og bjutiful, ha ha – eg kan snakke engelsk og.

Det kjem nemleg ofte turistar til elva mi, eg har hørt kva dei seier:

Bjutiful – det betyr fin, på engelsk.

Elva mi...

Av og til sildrar og suldrar ho, klukkar og klokkar, siklar og sukclar.

Men somme tider brusar og brasar ho, buldrar og brakar, tordnar og trommar.



Eg ligg nede i vatnet, eg er aldri redd.  
Ikkje når eg ligg i elva mi, der eg bur.  
Eg ligg i elva mi og tenkjer.  
Eg tenkjer på kor vatnet har vore før.  
Kor kjem vatnet i frå? Kor reiser det hen?

Kanskje kjem det frå Kina, kanskje dreg det til Afrika.  
Ja, det er heilt sant. Det kan skje!  
Vatnet det reiser nemleg i skyene.  
Over heile himmelen. Over heile jorda.  
Vatnet reiser i regnet og i snøen.  
Visst vatnet må kvile seg litt, visst vatnet blir trøtt av all reisinga.

Kan vatnet kvile i isen?  
Korleis? Nei, det må du spørje ein vaksen om.  
Det er jo ikkje eg som er vaksen her.  
Eg er Frode Laks. F. Laks. Flaks at eg kom!  
Men eg kom ikkje aleine.

Eg kom i lag med ein som heiter Per.  
Eg kom i lag med ein som heiter Poppen.  
Eg kom i lag med pannekaka og ein pølsetjuv!  
Eg kom i lag med ein boks og ein pusekatt!

Eg skal sei deg, eg er livredd for kattar. Kattar er det verste eg veit.  
Kattar er verre enn verst.

Og blikkboksar. Visst dei ligg i elva.  
Eg har heilt skrekken for blikkboksar i elva.

Kvífor? Det skal eg fortelje. Det må dei vaksne også lære:  
Fordi eg kan skjære meg på dei.  
Eg har ikkje særleg tjukk hud.  
Eg har ikkje føter, berre denne sporen.  
Eg har ikkje armar, berre desse luffane.  
Eg kan ikkje plukke boksane og alt det andre bosset vekk frå elva.  
Nokon må hjelpe meg med det. Kanskje du kan hjelpe meg?  
Eg drøymer om at elva mi skal vere blank og bjutiful, for alltid.  
Ikkje full av boksar og boss.



Når elva mi er blank og bjutiful, då blir eg så glad at eg får lyst å ta på meg laks-skoa og danse!

Nei, ikkje lakk-sko! Det har eg ikkje, eg har jo ikkje føter. Det sa eg jo nettopp. Laks-sko! Det er noko heilt anna, noko hemmeleg. Top secret!

Det er alle laksar sin løyndomsfulle løyndom.

Har du ein løyndom? Noko hemmeleg du ikkje kan seie?

Ikkje sei det! Då er det jo ikkje hemmeleg lenger.

Det er ikkje lett å danse utan bein.

Men eg har jo bein.

Fiskebein.

Det er berre det at dei ligg inne i kroppen min.

Så eg kan ikkje danse med dei.

Eg kan ikkje gå på ski med dei, heller.

Men det kan du! Når du går opp ein bakke med ski, går du fiskebein.

Mønsteret i snøen lignar på beina mine, dei beina eg har inne i kroppen.

Korleis eg veit det? Eg har sett det på røntgen!

Kva røntgen er? Det må du spørje ein vaksen om.

Det er jo ikkje eg som er vaksen her.

Eg er Frode Laks. Flaks at eg kom.

Maks flaks.

# Song, dans og telleregle



Musikk, dans og rørsle er ofte den aller første forma for kunstnarleg uttrykk vi møter og kjenner glede over som små born. Folkemusikken har sitt utspring i dei nære møta mellom den som spelar eller syng, og den som lyttar; So ro, liten tull, gjev eg hadde stova full. Bånsullen finn forma si i heimen, lokalt eller i små miljø, slik alle former for folkemusikk gjer. Den lokale tilknytinga er ein føresetnad i folkemusikken. Dette er eit særmerke og ein styrke for formidlinga til barn på fleire måtar:

- Songane er ofte tilpassa lokale dialektar.
- Barna får lære seg ord og uttrykk frå sitt eige målføre.
- Orda er gjerne finurlege og fine å ta i munnen.
- Barna får fryde seg over språket sitt og tek dermed viktige, første steg på vegen mot språkleg tryggleik og sjølvstende.

Musikken er tradert gjennom generasjonar og er stadbunden i forma si, inspirert både av geografi og landskap, men også av lynnnet og stemning. Borna tar del i, og blir sjølve ein del av den musikalske identiteten og tilknytinga når dei møter folkemusikk og -dansen allereie i barnehagen.

Den lokale tilknytinga har også ei sosial side. Først saman med dei andre i barnegruppa, og sidan saman med dei andre der barnet bur. Små og store, unge eller gamle. Folkemusikken knyter oss saman på tvers av tida, på grunn av at vi hører til der vi er. Når tonane, rytmen og rima får vere ein del av barndommen vår, vert musikken og dansen også ein del av identiteten vår. Møte med slike kunstformer i barnehagen og på skulen er kjelder til livslang glede.

Gjennom å lære om, utøve og leike med ulik folkemusikk, -dans, -song, kan ein få utforska mange kreative og kunstnarlege sider av både seg sjølv og borna. Det kan dreie seg om å inspirere til å dikte nye tekstar, eller spinne vidare på melodiar, rørsler og leikar. Mykje av repertoaret er knytt til tema som barn er opptekne av, til dømes dyr, natur og troll.

Folkedansen spring ut det naturlege rørslemønsteret vi lærer og leikar oss i frå vi er små, slik som å springe, hinke og hoppe. Difor handla dei kreative prosessane om å sikte mot koplingar mellom tradisjonsstoffet og barna sine referanserammer og interessefelt. Arbeide med melodi, tekst og rørsle kunne vere ein inkluderande aktivitet, der alle kan vere med og kjenne seg trygge. Barna er i ulik alder og modningsnivå. Nokre kan både syngje og koordinere songen med dans og rørsler. Andre berre syng. Nokre vil helst berre danse. På denne måten er repertoaret inkluderande for alle i barnegruppa.



# Oppen Poppen

i form etter Lars Ryssdal (1911-2004), Sandane

Oppen Poppen er ei elle-regle, på same måte som «elle melle deg fortelle». Denne kan ein bruke når ein skal velje nokon til ein leik eller liknande.

## Tips til innlæring:

1. Øv på handbevegelsen først. Finn fram to knyttnever, så to gonger på den eine neven, så to gonger på den andre. Dette kan vere utfordrande å få til, så bruk god tid på dette.
2. Øv setningane kvar for seg i rekkefølge først, medan de slår med knyttnevane (fram til tellinga).
3. Bestem kven de skal begynne å elle på. Bruk peikefingeren medan de tel. Det er viktig å vere overtydeleg med kven ein peikar på.
4. Syng regla eit par gonger, slik at de hugsar teksten.

**Oppen Poppen**

**Spelemann i toppen**

**Sprang over gjerdet**

**Tok seg ei pære**

**Delte den i mellom sju**

**1, 2, 3, 4, 5, 6, 7**

**- Du er ein stor tjuv!**

Sjå på film av regle med  
rørsle med QR-koden.



# Pusekatten



i form etter Nina Råheim (1883-1979), Gular. Lokal sangskatt med rørsle til.

Pusekatten sit på taket er ein tradisjonell song som fins i fleire former rundt omkring i landet. Den forma de har her er etter Nina Råheim frå Gular. Denne er godt eigna til å tilpasse dykkar eiga dialekt.

## Tips til innlæring:

1. Syng heile songen for ungane medan dei er med å hermer rørlene.
2. Lær så vakk to og to linjer, alltid med rørlene samtidig. Du syng først, så saman med barna etterpå.
3. Ungane klarer fullt tempo med ein gong. Del den heller opp i delar (ei eller to linjer) om det er behov for repetisjon.
4. Rørlene må vere store og tydelege, slik at alle klarar dei.  
Nokon vil henge litt bak, medan andre vil klare det med ein gong.

**Pusekatten sit på taket,  
tala med sine små døtre.  
Kor ska vi hen te vinteren,  
vi fryse på våre små føte?  
Vi ska reise te Danmark,  
kjøpe sko for ein halv mark.  
Treni, treni, peparkånnj.  
Pusekatten bles i sylvarhånnj.  
Pusekatten slør på tromma,  
med fire små myse i lomma.**

Sjå på film av sang med  
rørsle med QR-koden





# Per Sjuspring

trad. sangleik/dans

Per Sjuspring er ein songleik som høver godt for fleire aldersgrupper. Dei små kan springe, dei fleste klarar å vifte med peikefingeren, nokre klarar å sette ned ein fot eller to, medan andre klarar heile songen. På den måten er den inkluderane for alle, og alle kan kjenne at dei er med på leiken, uavhengig av nivå/utvikling. Songleiken har berre store bevegelser, noko som er fordelaktig i leikar for små born.

## Tips til innlæring:

1. Lær vekk teksten/melodien «Har du sett Per Sjuspring danse» medan ungane står i ein ring.
2. Fortell at vi skal springe rundt i ein ring medan vi syng teksten to gonger.
3. Så fort teksten er ferdig, sei «stopp».
4. Fram med peikefingeren, lær vekk «tror du ei han danse kan, han danser som ein adelsmann», medan de vifter med handa.
5. «Det var ein». Dette gjer de medan de sett fram eine foten.
6. Repeter heile songen med «Det var ein, det var to». Det kan vera lurt å sei stopp på samme plass som pkt. 3. kvar gong første gongen de leikar den.
7. Når de er gjennom heile 1234567, så kan dei songen, den er ferdig innøvd av seg sjølv! Gjer den gjerne ein gong til i løpet av økta, ungane synes ofte den er morosam.

**Har du sett Per Sjuspring danse?**

**Har du sett Per Sjuspring danse?**

**Tror du ei han danse kan?**

**Han danser som ein adelsmann**

**Det var 1.**

**(2, 3, 4, 5, 6, 7.)**

Sjå på film av dansen  
med QR-koden





# Høgtlesing for leseglede og språkstimulering – på nynorsk!

Alle born har eit potensiale for å kunne like å bli lesne høgt for. Men kva skal vi lese? Og korleis? Mange av dei fremste barnebokforfattarane våre skriv på nynorsk. Men for den nynorske barnelesaren er den språklege kvardagen prega av at nynorsk er eit mindre brukt språk i den norske offentlegheita. Born som skal ha nynorsk som opplæringsspråk i skulen, møter oftast bokmålet når dei er små, både gjennom tv og data. Og i bøker. Dermed er dei lite eksponerte for skriftspråket sitt før dei byrjar på skulen. Dette kan barnehagen vege opp for. Ikkje minst gjennom å bruke dei nye nynorske barnebøkene.

Gode bøker har eit rikare og meir variert ordforråd enn den munnlege samtalen. Skriftspråket har vanlegvis ein meir avansert grammatikk, fleire nyansar og klarare struktur enn talespråket. Ungane tileignar seg dette gradvis når vi les mykje for dei, borna lærer det skriftspråket dei ser og hører. Les difor høgt på nynorsk, syn ungane skriftbileta, la bøkene ligge framme!

Kva kjenneteiknar bøker som gjev gode leseopplevelingar, anna enn eit godt språk? Dei beste forteljingane vender seg til det fellesmenneskelege i oss på ein slik måte at dei kan lesast på nytt og på nytt. Å lese er ei trening i å leve. Vi lærer oss sjølve betre å kjenne og får øving i å setje oss inn i korleis andre har det. Dette styrker evna til empati, samstundes som vi kjenner oss mindre aleine og får betre sjølvinnnsikt. Gjennom å identifisere oss med hendingane i boka, reflektere over det som skjer og knytte det til våre eigne erfaringar kan lesaropplevelinga verke på denne måten. Den gode barneboka peikar på løysingar og gir håp. Som vaksen høgtlesar kan vi førebu spørsmål som styrker desse banda mellom boka og barnet.

Rammeplanen for barnehagen klargjer at vi må skape eit miljø der barn og vaksne dagleg opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtalar, og at ein må vere seg bevisst kva for etiske, estetiske og kulturelle verdiar som vert formidla.

Læreplanen for grunnskulen slår fast at opplæringa skal gjere elevane til trygge språkbrukarar. Skulen skal vere ein stad der dei får utvikle sin språklege identitet, eit språk elevane skal kunne bruke til å tenkje, skape mening, kommunisere og knytte band til andre. Språk gjev oss tilhøyrigheit og kulturell bevisstheit.



Vi skal sjå nærmere på korleis vi kan bruke barnelitteraturen til slike formål, i overgangen mellom barnehage og skule.

Først skal vi utforske den litterære samtalen som metode i lesinga av «Pølsetjuven» av Marianne Gretteberg Engedal. Høgtlesing med lesestopp og dialogisk lesing er to konkretiseringar av denne typen litteraturformidling.

Deretter skal vi ta utgangspunkt i eventyret om pannekaka frå «Barnas store eventyrbok» for å sjå nærmere på språklege mønster vi kan leike med og lære av. Repetert lesing og lesing med konkretar er to metodar vi kan bruke i høgtlesinga, når målet er å utvikle språkglede og styrke ordforrådet.

Ungar elskar repetisjon, og repetisjon er viktig for å bli trygg i språket sitt. Kvar gong ei bok vert formidla på nytt og på varierte måtar, får borna stadfesta det dei veit. Dei kan ta språket i bruk og utvide erfaringane sine.

Sjå litteraturliste til slutt i dokumentet.





# Pølsetjuven

Marianne Gretteberg Engedal, det norske samlaget (2019)

## Kjell, ein ny klassikar?

Marianne Gretteberg Engedal har så langt vore mest kjend gjennom instagram-kontoen «Skinkeape». Femti tusen følgjarar set pris på dei lubne, snåle figurane hennar. I «Pølsetjuven» står desse figurane fram som det mest påfallande ved originaliteten i boka.

Kjell er tjuv. Han bur i eit røvarhus rett utanfor ein fredeleg, fargerik by. Visst minner scenografien om Kardemomme-by, men berre som ein fjern, gammal slektning.

-Kvífor stel me, eigentleg? spør niåringen ved frukostbordet. Familien prøver seg med fleire tvilsame forklaringar, før dei slår fast: Alt kan og må stelast.

Kjell drøymer om noko anna. Om han ikkje hadde vore tjuv, kunne han tenkt seg å vere hestetemjar, brøytebilsjåfør eller grønsaksbonde.

Både huset, interiøret og kleda til Kjell og familien er i svarte og kvite fangedrakt-striper. Tjuvane har dessutan svarte røvarbriller. Denne markøren er tradisjonell og tydeleg, men også dei andre familiene i byen har sine særmerke. Det kan vere underlege hovudplagg, klesdrakter eller frisyrrar. Når alle ungane møtest på skulen er det eit mylder av fargar og former i oppslaget. Som lesar får du leggje augo på noko du ikkje har sett før.

Bodskapen derimot, er ein klassikar: Alle er forskjellige, men inni er vi like. Kven drøymer ikkje om å vere noko anna?



# Den litterære samtalen som metode

Høgtlesing og formidling av «Pølsetjuven»

Den litterære samtalen inneber at vi utforskar tekstar på måtar som ikkje stenger og konkluderer, men som heller undersøker og leitar etter nyanserte meininger og samanhengar mellom teksten, verda i kring oss og dei som deltek i samtalen. (Langer, 1995) Difor legg den litterære samtalen helst opp til opne spørsmål i ulike kategoriar:

- Identifikasjons-spørsmål
- Refleksjonsspørsmål
- Overføringsspørsmål

Identifikasjonsspørsmål skaper band mellom litteraturen og lesaren. Kjell vil ikkje vere tjuv. Han vil ikkje stele frå den beste venen sin. Han får dårleg samvit. Korleis kjennest det å ha dårleg samvit? Har du hatt dårleg samvit nokon gong? Kva gjer Kjell når han får dårleg samvit?

Refleksjonsspørsmål skal få lesaren til å reflektere, både over innhald og språk. Kvifor vil ikkje Kjell vere tjuv? Høyr litt på dei to orda: Kjell. Tjuv. Er dei litt like? På kva måte?

Overføringsspørsmål handlar om å hjelpe lesaren til å relatere lesinga til sitt eige liv. Kjell drøymer om å vere noko anna. Han vil bli grønsaksbonde, hestetemjar eller brøytebilsjåfør. Kva drøymer du om å bli?

Vi skal sjå nærare på fleire slike spørsmål i framlegg til korleis boka kan lesast med lesestopp, men det er viktig å understreke at vi også bør førebu lukka spørsmål til den litterære samtalen. Desse spørsmåla kan ha fleire funksjonar. Den viktigaste er å sikre at alle som deltek i samtalen får moglegheit til å delta og svare. Læreplanen for norsk skildrar ei rekke kompetanse mål i norsk etter andre trinn. Det å lytte, ta ordet etter tur og grunngje eigne meininger i samtalar er eitt av desse.

Lukka spørsmål med klare svar, er viktige satsplankar for å øve seg i å ta ordet og få ei stadfesting på sitt eige bidrag i samtalen: Kva for yrke har familien til Kjell? Kor mange bur i huset hans? Kva for farge har dei på kleda sine? Kven bestemmer at Kjell skal stele? Er Kjell ein flink tjuv?

Sjå pedagogisk ressurs om høgtlesing med lesestopp og dialogisk lesing  
av Pølsetjuven på nettsida til Frode Laks! [www.frodelaks.no](http://www.frodelaks.no)





# Eventyret om pannekaka

Norsk folkeeventyr frå samlinga til Peter Christen Asbjørnsen (1812-1885), Jørgen Moe (1813-1882) og Moltke Moe (1859-1913)

Der nyare barnebøker som «Pølsetjuven» er komplekse kunst-uttrykk som inviterer til tolking, refleksjon og medskaping, representerer eventyra regelbundne forteljingar som fylgjer visse mønster og narrative omkvede. Rammeplanen for barnehagen understrekar at eventyra er ein viktig del av kulturarven vår og barnehagen er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet.

Høgtlesing av eventyr inneber at vi blir sosialiserte inn i vår skriftkulturelle identitet, både språkleg og sjangermessig. Eventyra er godt eigna til å utvikle sjangerkompetanse fordi dei fylgjer mønster som gjer at vi kan byggje forventningar og lage hypotesar om teksten underveis i lesinga. Eventyret som vi no skal sjå nærmare på er i tillegg godt eigna til å lytte og leike seg med lydar i språket.

## «Det var ein gong ei kone, som hadde sju svoltne ungar og dei steikte ho ei pannekake til.»

Slik byrjar det kjende eventyret i Maria Parr si omsetting. Allereie i første setninga kjem vi på sporet av reglar, mønster og lydlek. Den formelprega innleiinga som kjenneteiknar eventyra er på plass: «Det var ein gong». Talet sju peiker mellom anna på kor mange element vi menneske klarer å halde i sving i arbeidsminnet på same tid. Folke-eventyra våre har levd på folkemunne frå generasjon til generasjon. Dei fylgjer slike strukurerande mønster fordi det gjer dei lettare å hugse og fortelje vidare. Kona hadde sju svoltne ungar. Bokstavrimet peikar mot det mest vesentlege språklege kjenneteiknet ved akkurat dette eventyret: Rim-mønster som gjentek, utviklar og endrar seg.



Sjå pedagogisk ressurs om repetert  
lesing på nettsida til Frode Laks!  
[www.frodelaks.no](http://www.frodelaks.no)



# Spark på boks

Leik

Spark på boks eller Boksen går («Kick the Can» på engelsk) er ein klassisk barneleik som kan ha eksistert like lenge som menneska. Det er ein slags variant av «gøyme og leite».

Finn ein tom hermetikkboks og set den i midten av ein stor ring. Deltakarane samlast i ringen. Ein av desse blir valt til å stå. Ein annan sparkar hardt i boksen. Medan den som står spring for å hente boksen eller tel til femti (eller eit tal ein er einige om), spring dei andre og gøymer seg. Etter kvart som dei ulike blir funne, skal den som står, springe tilbake til boksen og rope navnet til den som blir oppdaga, for eksempel: "Per på boksen" osv. Dei/den som blir fanga, kan bli befridd ved at deltakarane som ikkje er tatt, kan springe bort til boksen og sparke den langt av stad. Den som står, må då hente boksen og telle til femti før han igjen kan leite etter dei andre.

Det er lurt å følge med på rulleringen av kven som «står». Viss det er nokon som blir ståande lenge og har vanskar med å fange alle, kan det vere lurt å bytte ved eit naturleg høve. Du som vaksen kan vere med på leiken!

## Tilpassingsmoglegheit:

Ved å velje eit område med variert underlag, kan alle delta. Dersom det er ein person som syns det er vanskeleg å telle, syns det er utfordrande med romretning (å strukturere søket), eller syns det er vanskeleg å finne gjemstad, kan dei vere saman med ein annan. Avklar kor langt det er lov å gå for å gjøme seg.

Sørg for ro når du gir beskjedar og instruksjon.

**Synshemma/blinde** kan bli ledsaga av annan elev eller andre. Snakk med eleven og bli einig om korleis ledsaging bør skje. Kor trygg er eleven? La personen bli kjent med omgivnadane. Tenk over lyshøve og bruk av fargar/kontrastar (den som «har den» kan f.eks ha refleksvest). Gje tydeleg, verbal instruksjon. Bruk lyd for orientering (den som «har den» kan f.eks ha bjelle på/med).

**Hørselshemma/døve**: Snakk éin og éin. Ha direkte kontakt. Bruk mimikk, kroppsspråk og eventuelt tegnstøtte. Kan ledsagast av annan elev eller andre. Avklar med vedkomande korleis han/ho kan oppfatte at han/ho er «på boks».

# Litteraturliste

## LITTERATURLISTE OG LESETIPS:

- Bok i bruk i barnehagen. Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning, Universitetet i Stavanger, 2007
- Kunnskapsdepartementet (2017). Rammeplan for barnehagen. Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. Oslo, Utdanningsdirektoratet
- Kunnskapsdepartementet (2019). Læreplan i norsk (NOR 01-06) Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Dysthe, Olga: Det flerstommige klasserommet. Oslo, Gyldendal Akademisk, 1993
- Henning, Åsmund: Effektive lesere snakker sammen. Innføring i litterære samtaler, Oslo, Gyldendal Akademisk, 2012, s. 130
- Langer, Judith : Envisioning Literature. Literary Understanding and Literature Instruction, New York og London, Teachers College Press, 1995.
- Skarðhamar, Anne Kari: Litteraturundervisning i teori og praksis, Oslo, Universitetsforlaget, 2011, s. 85.
- Solstad, T. (2008). Les mer! Utvikling av lesekompentanse i barnehagen. Oslo: Universitetsforlaget
- Aase, Laila : "Litterære samtaler", i: Nicolaysen, Bjørn Kvalsvik og Aase, Laila: Kulturmøte i tekstar. Litteraturdidaktiske perspektiv. Oslo: Samlaget, 2005, s. 107.

Frode Laks er utarbeida av Sunnfjord kommune



# KULTURSKULE BARNEHAGE SFO SKULE

Du finn ein digital versjon av dette heftet på websida

**[www.frodelaks.no](http://www.frodelaks.no)**

Kontakt oss gjerne ved spørsmål.

## Sunnfjord kulturskule

**Besøksadresse:** Angedalsvegen 5, 6800 Førde

**Postadresse:** Sunnfjord kommune, kulturskulen, pb. 338, 6802 Førde

**Telefon:** 57612810/ 41505970

**E-post:** [kulturskulen@sunnfjord.kommune.no](mailto:kulturskulen@sunnfjord.kommune.no)

**Web:** [www.sunnfjordkulturskule.no](http://www.sunnfjordkulturskule.no)